



Ørskog kommune
Sentraladministrasjonen

195

Kultur- og kirkedep.	
Saksnr. 200605491	Dato 04/206
Møte Ki-501	Det.

**Kultur- og kirkedepartementet,
Kirkeavdelingen,**

Postboks 8030 Dep.

0030 OSLO

Dykkar ref:

Vår ref:
06/01274-6

Saksbeh:
Janette Osland Steinvik 70 27 29 45

Arkivkode:
C84 &13 -

Dato:
01.12.2006

UTTALE PÅ HØYRING, "STATEN OG DEN NORSKE KYRKJA"

Ørskog kommune er bede om å kome med uttale på høyring om forholdet mellom "Staten og Den norske kyrkja".

Ørskog formannskap handsama saka i møte 05.10.2006 i sak 161/06 og gjorde vedtak om å oppnemne ei arbeidsgruppe som skulle kome med uttale frå Ørskog kommune. Arbeidsgruppa har teke utgangspunkt i NOU 2006-2 "Staten og Den norske kyrkja".

Arbeidsgruppa sitt framlegg er drøfta og handsama i Ørskog tenesteutval, Ørskog formannskap og av Ørskog kommunestyre.

Vedlagt følgjer uttale på høyring i denne rekkefølge:

- Framlegg til forslag på høyring til politiske utval i Ørskog frå arbeidsgruppa.
- Politisk handsaming med endelege vedtak frå Ørskog kommunestyre .

Med helsing
Ørskog kommune

Janette O. Steinvik
Janette Osland Steinvik
Rådgjevar personal

Arbeidsgruppe: Karen Simonnes Aanes – Ragnar Bakken – Øystein Eide

ØRSKOG KOMMUNE			
SAKSM.NR.	1274/06	DOK.NR	4
AVD.	SA		
SAKSANSV.	06 NOV. 2006	SAKSBEH.	
EILA		EILA	
ARK.KODE	P	ARK.KODE	
	C84 13		
PRESEDENS		KORREKTUR	

Ørskog formannskap

STATEN OG DEN NORSKE KYRKJA HØYRING

NOU 2006 – 2: Staten og Den norske kirke

Utredning fra Stat – kirke-utvalget oppnevnt ved kongelig resolusjon av 14. mars 2003.

NOU 2006-2 er no til høyring hos ei rekkje instansar m.a. kommunane.

Høyringsfristen er sett til 1. des. 2006.

Ørskog formannskap handsama saka i møte 05.10.06 sak 161/06 og gjorde slikt vedtak:
"Ørskog formannskap oppnemner ei arbeidsgruppe bestående av Karen Simonnes Aanes, Ragnar Bakken og Øystein Eide til å kome med framlegg til uttale frå Ørskog kommune. Frist 06.11.06. Karen Simonnes Aanes kallar inn til første møte."

Arbeidsgruppa vil vise til:

- NOU 2006-2 Staten og den norske kirke med tilhøyrande brosjyre m.m.

Dette er eit omfattande dokument på 215 A4-sider inkl. vedlegg.

Arbeidsgruppa vil spesielt vise til kap. 1 Mandat og arbeidsform og Kap. 2 Sammendrag.

Denne delen av NOU 2006-2 følgjer som **vedlegg**.

Kap 1: Mandat og arbeidsform

- Stat-kyrkjeutvalet vart breitt samansett – i alt 20 medlemmer.
- **Mandat: "Formålet med utredningen er å gi grunnlag for å treffe beslutning om statskirkeordningen skal videreføres, reformeres eller avvikes. Det legges til grunn at Den norske kirke fremdeles skal være en bekjennende, misjonerende, tjenende og åpen folkekirke."**
- Ut frå dette formålet skal utvalet vidare vurdere:
 - Framtidig kyrkjeordning
 - Finansiering av kyrkja si verksemd
 - Gravferdsforvaltninga
 - Ordningar for å ta vare på verna kyrkjer m.m.
 - Eigedomsretten til kyrkjer og kyrkjegardar

Kap 2: Sammendrag

- Her finn vi utvalet sine standpunkt – kortfatta 2.1 – 2.1.5.
- Kort om kapittele i utgreiinga 2.2 – 2.2.10.

Kap 3: Historisk tilbakeblikk

Kap 4: Statskirkeordningen

Kap 5: Framtidig kirkeordning

Kap 6: Finansiering

Kap 7: Gravferdsforvaltningen

Kap 8: Fredede og verneverdige kirker

Kap 9: Egedomsrett

Kap 10: Utvalgets forslag og konklusjoner

Kap 11: Forslag til lov- og grunnlovsendringer

Kap 12: Konsekvensvurderinger

Dessutan: Litteraturliste og 5 Vedlegg.

Formannskapet si arbeidsgruppe vil samrøystes tilrå at kommunen gjev uttale i saka – uttalen skal vere knytta til desse hovudpunkta i NOU 2006-2:

Framtidig kyrkjeordning

Finansiering av kyrkja si verksemd

Gravferdsforvaltninga

Ordningar for å ta vare på verna kyrkjer m.m.

Egedomsretten til kyrkjer og kyrkjegardar.

Framtidig kyrkjeordning:

18 av 20 medlemmer i kyrkje-stat-utvalet tilrår at dagens statskyrkjeordning vert oppheva.

14 av desse tilrår ei lovforankra folkekyrkje – 4 ønskjer ei sjølvstendig folkekyrkje

2 av medlemmene tilrår at dagens stats-kyrkjeordning vert vidareført.

Tabell 2.1 Kortfattet oversikt over de tre alternative kirkeordningene. (NOU 2006-2 side 19)

Kirkeordning	Grunnlovsforankret folkekirke	Lovforankret folkekirke	Selvstendig folkekirke
Rettslig forankring	Grunnloven	Særlov gitt av Stortinget	Trossamfunnsloven
Øverste myndighet	Kongen i kirkelig statsråd	Kirkemøtet	Kirkemøtet
Utnevning av biskoper og proster	Kongen i kirkelig statsråd (ev. bare biskoper)	Kirken står fritt	Kirken står fritt

Kort samandrag – jf. kap. 2. – 2.1.1. Fremtidig kirkeordning.

A: Grunnlovsforankra folkekyrkje – dagens ordning – jf. Grunnlova §2 om at den evangelisk-lutherske religion er "Statens offentlige Religion" med dei føringar det legg. Vidare følgjer Grunnlova sine reglar om "Kongens kirkestyre" – som gjev Regjeringa mynde over Den norske kyrkje i m.a. lærespørsmål og utnemningar. Oppsummert: Alternativet er ei vidareføring av den statskyrkjeordning vi har i dag.

B: Lovforankra folkekyrkje. Grunnlovsfesta statskyrkje vert oppheva. Den norske kyrkja skal verte eit sjølvstendig rettsobjekt med eigne styringsorgan og med sjølvstendig ansvar for alle saker som har med tru, verksemd og tilsetjingar å gjere. Ei eiga kyrkjelov – kortfatta rammelov – skal sikre Den norske kyrkja ei særleg tilknytning til staten. Det vert vidare gjort framlegg om at Grunnlova får ein eigen verdiparagraf som særskilt viser til kristne og humanistiske verdiar.

C: Sjølvstendig folkekyrkje. Statskyrkjeordninga vert avvikla. I staden skal vi få ei sjølvstendig folkekyrkje – Dette inneber at Den norske kyrkja vert etablert som eit sjølvstendig trussamfunn på lik linje med alle andre trus- og livssynssamfunn og at politiske organ ikkje skal ta avgjerd i noko som gjeld kyrkja sitt grunnlag, oppdrag og måte å framtre på.

Formannskapet si arbeidsgruppe tilrår slik:

- *Medlem Karen Simonnes Aanes: Alternativ A: Grunnlovsforankra folkekyrkje – dagens statskyrkjeordning.*
- *Medlem Ragnar Bakken: Lovforankra folkekyrkje – grunnlovsfesta statskyrkjeordning vert oppheva.*
- *Medlem Øystein Eide: Sjølvstendig folkekyrkje – statskyrkjeordninga vert oppheva.*

Finansiering av kyrkja si verksemd:

Utvalget har vurdert ulike modellar for finansiering av kyrkja si verksemd. Vidare har utvalget vurdert behovet for midlar knytta til drifta av ei framtidig folkekyrkje. Dagens ordning betyr at kyrkja i hovudsak vert finansiert gjennom offentlege midlar – frå stat og kommune. Utvalget ser det rett at det offentlege også i framtida økonomisk skal bidra til trus- og livssynssamfunna si verksemd – slik det fungerer i dag. Offentleg innkrevd livssynsavgift (øyremerka) er eitt mogeleg alternativ som utvalget har drøfta. Medlemskontingent er den mest vanlege finansieringsmåten i kyrkjene rundt i verda. Ein slik kontingent kan då samlast inn av det offentlege eller av kyrkja sjølv.

Formannskapet si arbeidsgruppe tilrår slik:

- *Medlem Karen Simonnes Aanes: Finansiering skal vere som i dagens statskyrkjeordning. Det inneber i alt vesentleg statleg/kommunal finansiering supplert med frivillige gåver.*
- *Medlem Ragnar Bakken: Offentlege løyvingar skal stå for hovudfinansieringa med statlege tilskot til personalkostnader og kommunale tilskot til bygging, vedlikehald og drift av kyrkjebygga. Noko bidrag (medlemskontingent/frivillege gåver) frå medlemmene skal dekkje anna verksemd i kyrkjelyden.*
- *Medlem Øystein Eide: Hovudfinansieringa av ei sjølvstendig folkekyrkje skal vere gjennom medlemskontingent – supplert med noko offentlege tilskot til heilt særskilde formål.*

Gravferdsforvaltninga

Utvalget har i eit eige kapittel drøfta ulike sider ved gravferdsforvaltninga. Det er brei semje om at uavhengig av kven som skal ivareta ansvaret for forvaltning og drift av kyrkjegardar/gravplassar etc, bør desse retningslinjene leggest til grunn:

- Det er eit offentleg ansvar å sørge for gravplassar og å etablere ordningar som sikrar at gravferd og jordfesting skjer i fast, ordna og verdige former.
- Alle skal gravleggjast med verde og respekt for personleg tru og livssyn.
- Gravferd skal så langt råd er skje i samsvar med dei reglar den einskilde religion eller tradisjon krev.
- Det offentlege må tilsvarande ta ansvar for å skaffe til veie verdige livssynsfleksible sermonilokale til bruk for innbyggjarar som ikkje nyttar kyrkjelege bygg til sine sermoniar.

17 av 20 medlemmer i utvalget tilrår at gravferdslova vert endra slik at hovudprinsippet er at kommunen har ansvaret for gravferdsforvaltninga. Gravferd er ei allmenn oppgåve som bør ivaretakast av det offentlege. Kommunen kan inngå avtale med Den norske kyrkje om å overføre ansvaret til kyrkjeleg fellesråd der dette er praktisk og ønskjeleg. Dei 3 andre medlemmene tilrår at kyrkjeleg fellesråd som no skal ha ansvaret for gravferdsforvaltninga.

Formannskapet si arbeidsgruppe tilrår samrøystes:

- *Det offentlege v/kommunen skal ha ansvaret for gravferdsforvaltninga.*
- *Den einskilde kommune kan der det er praktisk og ønskjeleg etter nærare avtale, overføre dette ansvaret til kyrkjeleg fellestråd i kommunen.*

Ordningar for å ta vare på verna kyrkjer m.m.

Spørsmål knytta til verna og verneverdige kyrkjer og kyrkjegardar er drøfta i kap. 8.

Det er rimeleg brei semje i samfunnet om at dette er det offentlege sitt ansvar.

Utvalget ser det rett at uavhengig av forholdet mellom stat og kyrkje i framtida, må det eksistere særskilde off. finansieringsordningar for verna og verneverdige kyrkjer. Dagens støtteordningar må vidareutviklast og styrkast. Tilskotsordningane må forvaltast av sentrale kyrkjelege organ. Tilskota må fordelast etter søknader frå sokn og fellestråd. Mange kyrkjebygg treng straks meir midlar for at forfallet ikkje skal auke! Verna kyrkjer må kunne nyttast så langt råd er. Verna kyrkjer som ikkje er i bruk, vert å ta over av Staten.

Omfang: Vi har ca 1620 kyrkjer i landet vårt – av desse er 219 verna og 761 har status som verneverdige.

Formannskapet si arbeidsgruppe tilrår samrøystes:

- *Det offentlege v/Staten må ha eit særleg ansvar for å etablere gode stonadsordningar til restaurering og vedlikehald av verna og verneverdige kyrkjebygg.*
- *Staten må ha det fulle ansvar for verna kyrkjebygg som vert tekne ut av kyrkjeleg bruk.*

Eigedomsretten til kyrkjer og kyrkjegardar.

Desse spørsmåla er handsama i kap 9. I dag er dei lokale eigedomsrettslege spørsmåla løyste ved at sokna igjennom kyrkjelova har fått avklart sin status som eigne rettssubjekt med då full eigedomsrett over kyrkjer, kyrkjefond, kyrkjegardar m.m.

Utvalget sitt fleirtal meiner at eigarforholdet mellom Den norske kyrkje sentralt og lokalt bør byggje på ei vidareføring av grunnprinsippet om sokna sin eigedomsrett til soknekyrkjer og lokale kyrkjefond. Mindretalet tilrår at det ved endra kyrkjeordning vert gjennomført eit samla buoppgjjer – då eigedomane må reknast som felleseige.

Mindretalet tilrår at det ved ei endra kyrkjeordning vert eit samla bu-oppgjjer – då kyrkjer og kyrkjeeigedomar må reknast som bygd opp av fellesskapet.

Opplysningsvesenets fond (OVF): 18 av 20 medlemmer tilrår at OVF vert overført til Den norske kyrkje. Mindretalet meiner at OVF er statens eigedom/fellesskapet sine verdiar.

Formannskapet si arbeidsgruppe tilrår slik:

- *Medlemmene Karen Siomonnes Aanes og Ragnar Bakken: Prinsippet om sokna sin eigedomsrett til soknekyrkjer og lokale kyrkjefond vert ført vidare. OVF vert å overføre til Den norske kyrkja.*
- *Medlem Øystein Eide: Ved ei endra kyrkjeordning vert det gjennomført eit samla bu-oppgjjer – då det her er tale om fellesskapet sine verdiar – bygde gjennom fleire hundre år. OVF vert å sjå som det offentlege sine midlar. Dersom den lokale kyrkja skal eige kyrkjebygget, må også alt økonomisk ansvar liggje hos den same lokale kyrkja.*

Andre spørsmål og framlegg som er drøfta i NOU 2006-2 har ikkje formannskapet si arbeidsgruppe gått nærare inn på – m.a. lovendingar.

Formannskapet si arbeidsgruppe har i fleire av dei sentrale problemstillingane som er reiste i denne saka, delt seg i 3 eller 2 – jf. tilrådingane ovanfor.

I dei fem – 5 – hovudspørsmåla som arbeidsgruppa har gått nærare inn i, kan såleis ulike synspunkt vidareførast i formannskap fram til slutthandsaming av kommunen sin uttale i kommunestyret.

Dei ulike tilrådingane bør difor stemmast over – saman med eventuelt nye framlegg – slik at det i kommunestyret si endeleg oversending i denne høyringa er rom for alle nyansar.

Arbeidsgruppa sender med dette sitt framlegg til saksdokument/uttale knytta til NOU 2006-2 – Staten og Den norske kirke – til oppdragsgjevar Ørskog formannskap. Materialet kan event. nyttast i det vidare arbeidet i formannskap og kommunestyre.

Ørskog, 01.11.06

Karen Simonnes Aanes (sign)

Ragnar Bakken (sign) – sekr. for arb.gruppa.

Øystein Eide (sign)

Vedlegg:

Kap 1 og kap 2 i NOU 2006 – 2 Staten og Den norske kirke

Politisk handsaming med endelege vedtak frå Ørskog kommunestyre .

I

Ørskog kommunestyre viser til uttale frå formannskapet si arbeidsgruppe – datert 01.11.06.
Ørskog kommunestyre gjev uttale i saka – uttalen er knytta til desse hovudpunkta i NOU 2006-2:

Framtidig kyrkjeordning
Finansiering av kyrkja si verksemd
Gravferdsforvaltninga
Ordningar for å ta vare på verna kyrkjer m.m.
Eigedomsretten til kyrkjer og kyrkjegardar.
Overordna prinsipp for trus- og livsynspolitikken.
Folkeavstemming.

(Ørskog kommunestyre har røysta punktvis over alle framlagde forslag – totalt 19 voterande).

II

Framtidig kyrkjeordning:

Ørskog kommunestyre vedtek:

- Alternativ A: Grunnlovsforankra folkekyrkje – dagens statskyrkjeordning.
- Alternativ B: Lovforankra folkekyrkje – grunnlovsfesta statskyrkjeordning vert oppheva.
- Alternativ C: Sjølvstendig folkekyrkje – statskyrkjeordninga vert oppheva.

Fordeling av røyster frå 19 voterande vart følgjande:

- Alternativ A – 12 røyster
- Alternativ B – 3 røyster
- Alternativ C – 4 røyster

III

Finansiering av kyrkja si verksemd:

Ørskog kommunestyre vedtek:

- Alternativ A: Finansieringa skal vere som i dagens statskyrkjeordning. Det inneber i alt vesentleg statleg/kommunal finansiering supplert med frivillige gåver.
- Alternativ B: Offentlege løyvingar skal stå for hovudfinansieringa med statlege tilskot til personalkostnader og kommunale tilskot til bygging, vedlikehald og drift av kyrkjebygga. Noko bidrag (medlemskontingent/frivillige gåver) frå medlemmene skal dekkje anna verksemd i kyrkjelyden.
- Alternativ C: Hovudfinansieringa av ei sjølvstendig folkekyrkje skal vere gjennom medlemskontingent – supplert med noko offentlege tilskot til heilt særskilde formål.
- Alternativ D: Hovudfinansiering av ei sjølvstendig folkekyrkje skal vere gjennom medlemskontingent supplert med offentleg støtte etter antall medlemmar.
- Tilleggsforslag: Ørskog kommunestyre ber om at det vert vurdert om OVF skal ta eit større ansvar for vedlikehald av kyrkjebygg.

Fordeling av røyster frå 19 voterande vart følgjande:

- Alternativ A – 11 røyster
- Alternativ B – 3 røyster
- Alternativ C – 1 røyst
- Alternativ D – 4 røyster
- Tilleggsforslag – 18 røyster

IV

Gravferdsforvaltninga:

Ørskog kommunestyre vedtek:

- Alternativ A: Det offentlege v/kommunen skal ha ansvaret for gravferdsforvaltninga. Den einskilde kommune kan der det er praktisk og ønskjeleg etter nærare avtale, overføre dette ansvaret til kyrkjeleg fellesråd i kommunen.
- Alternativ B: Kyrkjeleg fellesråd bør framleis ha ansvaret for gravferdsforvaltninga.

Fordeling av røyster frå 19 voterande vart følgjande:

- Alternativ A – 16 røyster
- Alternativ B – 2 røyster

V

Ordningar for å ta vare på verna kyrkjer m.m.:

Ørskog kommunestyre vedtek:

- Det offentlege v/Staten må ha eit særleg ansvar for å etablere gode stønadsordningar til restaurering og vedlikehald av verna og verneverdige kyrkjebygg.
- Staten må ha det fulle ansvar for verna kyrkjebygg som vert tekne ut av kyrkjeleg bruk.

Fordeling av røyster frå 19 voterande vart følgjande:

- Eit fleirtal på 18 røysta for forslaget

VI

Eigedomsretten til kyrkjer og kyrkjegardar:

Ørskog kommunestyre vedtek:

- Alternativ A: Prinsippet om sokna sin eigedomsrett til soknekyrkjer og lokale kyrkjefond vert ført vidare. OVF vert å overføre til Den norske kyrkja.
- Alternativ B: Ved ei endra kyrkjeordning vert det gjennomført eit samla bu-oppgjer – då det her er tale om fellesskapet sine verdiar – bygde gjennom fleire hundre år. OVF vert å sjå som det offentlege sine midlar. Dersom den lokale kyrkja skal eige kyrkjebygget, må også alt økonomisk ansvar liggje hos den same lokale kyrkja.

Fordeling av røyster frå 19 voterande vart følgjande:

- Alternativ A – 16 røyster
- Alternativ B – 3 røyster

VII

Overordna prinsipp for trus- og livssynspolitikken:

Ørskog kommunestyre vedtek:

- Alternativ A: Ørskog kommune ser det som grunnleggjande at trus- og livssynsfrihet er ein universell rett som gjeld alle innbyggjarane i landet og at det er ei offentleg oppgåve å sikre desse rettane for alle. Staten må føra ein aktivt støttande trus- og livssynspolitik. Viktige moment i denne politikken må vera:
 - Full samvits-, religions-, trus-, og livssynspolitik.
 - At religion og livssyn er viktig for samfunnet og enkeltmenneska både med omsyn til livstolkning, livsmeining, kultur, fellesskap og etiske haldningar, og difor skal ha plass i det offentlege rom.
 - At religiøse, livssynsmessige og kyrkjelege minoritetar blir oppfatta som verdfulle og at det er rom for dei i det nasjonale fellesskapet.

- At det offentlege legg til rette for og støttar alle trus- og livssynssamfunn økonomisk.
- Alternativ B: Den norske staten sitt verdigrunnlag må byggje på dei kristne og humanistiske verdiane. Staten må forankre verdigrunnlaget i Grunnlova.

Fordeling av røyster frå 19 voterande vart følgjande:

- *Alternativ A – 18 røyster*
- *Alternativ B – 7 røyster*

VIII

Folkeavstemming

Ørskog kommunestyre vedtek:

Ørskog kommunestyre rår til at det vert gjennomført folkeavstemming før beslutning om statskyrkjeordninga skal vidareførast, reformerast eller avviklast.

Fordeling av røyster frå 19 voterande vart følgjande:

- *Eit fleirtal på 14 røysta for forslaget*